



Arkivsaknr: 2025/12200-1
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen
Hagenlund
Avdeling: Landbruk

SAKSFRAMLEGG

Saksframlegg-høring av strategi for forvaltning av hjortevilt

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til innspel:

Kommunen er positive til visjonen «Robuste bestandar i ei natur i endring» og meiner at dei fem satsingsområda som er peika ut – grenselaus forvaltning, arealbrukskonfliktar, vilthelse, framtidas jaktutøving og hjortevilt som næring – gir eit godt rammeverk for arbeidet framover.

Alver kommune meiner strategien er eit godt utgangspunkt, men at fleire av tiltaka framstår generelle og lite forpliktande. Den planlagde revideringa av forskrift om forvaltning av hjortevilt blir vurdert som ein viktig føresetnad for å lukkast med fleire av satsingane i strategien, ved å forplikta myndigheiter og private aktørar på tvers av sektorar.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Landbruksdirektoratet har sendt på høyring forslag til ny nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt. Strategien legg opp til eit heilskapleg rammeverk for forvaltning av elg, hjort, rådyr og villrein fram mot 2030, med mål om robuste bestandar i ei natur i endring. Saka gjeld kommunen si høyringsuttale.

Strategien har fem satsingsområde:

1. Grenselaus forvaltning
2. Arealbrukskonfliktar
3. Vilthelse
4. Framtidas jaktutøving
5. Hjortevilt som næring

Dokumentet beskriv utfordringar, mål og tiltak innan kvart satsingsområde, og peiker på ansvarlege aktørar. Strategien vil vere retningsgivande for kommunane si rolle i hjorteviltforvaltninga.

Saksopplysningar og sakshistorikk

Bakgrunn

Behovet for ny hjorteviltstrategi blei peikt på gjennom evalueringa av den tidlegare strategien frå 2009, gjennomført av Menon Economics i 2021. På bakgrunn av dette fekk Miljødirektoratet i oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet å utarbeide forslag til ny strategi. Arbeidet har vore breitt forankra gjennom ei ressursgruppe med representantar frå kommunar, fylkeskommunar, forskingsmiljø og interesseorganisasjonar.

Strategien skal leggje til rette for ei berekraftig forvaltning som tek omsyn til både natur, samfunn og næring. Han er meint å vere eit styringsverktøy for alle aktørar i forvaltninga og skal evaluerast årleg. Hovudmålet er å utvikle ein langsiktig høstingskultur som forvaltar ressursane til det beste for hjorteviltartane, samstundes som ein reduserer konfliktnivået og tek omsyn til samfunnsmessige interesser.

Kommunane har ei sentral rolle i forvaltninga av hjorteviltet, mellom anna gjennom fastsetjing av bestandsplanar, fellingskvotar og handtering av fallvilt. Strategien legg vekt på at forvaltninga må skje på tvers av grenser og sektorar, og stiller difor krav til samarbeid og koordinering.

Vurdering

Høyringsuttale

Alver kommune takkar for høvet til å gje innspel til høyringa om ny hjorteviltstrategi. Strategien har ei heilskapleg tilnærming til utfordringar og moglegheiter innan hjorteviltforvaltninga, og vi vil særleg framheva den gjennomgåande vektlegginga av:

- Hjorteviltforvaltninga må forvalta artane innanfor eit heilskapleg økosystemperspektiv på eit kunnskapsbasert grunnlag.
- Utvikling av ein langsiktig haustingskultur som har som føremål å forvalta ressursane til det beste for hjorteviltartane.
- Den lokale næringsutviklinga basert på hjorteviltressursen skal vidareutviklast innanfor rammene av ei langsiktig forvaltning som sikrar robuste bestandar.
- Forvaltning av hjortevilt skal skje på ein skala som minst svarar til leveområda deira, og hjorteviltets leveområde skal takast vare på.

Merknader frå Alver kommune

1. Viltpåkøyrslar

Problematikken kring viltpåkøyrslar er godt skildra i strategien, men vi saknar meir konkrete og forpliktande tiltak frå statleg hald. Påkøyrslar er ikkje berre ei kommunal hjorteviltforvaltningsutfordring, men også problematisk i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Det bør kome tydelegare nasjonale grep for å sikra betre finansiering og betre tekniske løysingar (t.d. varslingsystem og infrastrukturtiltak). Vi etterlyser ein nasjonal plan for finansiering og konkrete, forpliktande tiltak for vegeigarar på veg og bane.

Strategien ser ikkje ut til å ha fokus på kvaliteten av det praktiske ettersøket si betydning i relasjon til dyrevelferd ved påkøyrslar av hjortevilt. Det kunne vore ynskjeleg med eit kvalitetssikringssystem for ettersøk (offentleg og jaktettersøk) og strategi for utvikling av ettersøk, både lokalt og interkommunalt.

2. Framtidas jaktutøving

Vi deler vurderinga av at jaktas legitimitet og samfunnsaksept er avgjerande. Det kunne vore positivt om strategien var meir beskrivande og ambisiøs når det gjeld å leggja til rette for utdanning av nye jegerar i forvaltning av hjorteviltet, biologi, uttaksplanlegging og jaktas betydning for bestandane. Alver kommune er uroa for at ei «løpande tidsfrist» på vidareutvikling av jegerprøveutdanninga kan gje risiko for at konkrete endringar ikkje blir gjennomførte.

Eventuelt kan det òg vera relevant å ta inn utdanning/lovpålagt kurs for valdleiarar, med tanke på deira betydning som kulturbærarar, rolleforståing og datainnsamling.

3. Vilthelse

Når visjonen om langsiktig forvaltning som sikrar robuste bestandar er så sentral i strategien, bør utarbeidinga av rettleiing for kommunar og grunneigarar om kva som kjenneteiknar ein robust bestand (høg kondisjon og genetisk variasjon, mest mogleg naturleg kjønns- og alderssamansetjing) framskundast. Tidsfristen 2030 syns ikkje tilfredsstillande.

Utarbeiding av kvalitetsnormer er tvingande nødvendig som eit styringsverktøy for faglege kvalitetssikringsrutinar og diskusjonar mellom forvaltning, jegerar og hjortevald. Særleg når ulike interessentar skal ha forståing for – og einast om – dei utfordringane hjorteviltet og den nødvendige endringa forvaltninga står overfor.

Den planlagde utgreiinga om jakt gjennom heile døgnet er akseptabel i relasjon til dyrevelferd og fokuset på forvaltning på økosystemnivå er svært positivt. Samstundes kan det vera relevant å skapa forståing og kunnskap om betydinga av dagsaktivt kronvilt og planlegging av forstyringsnivå for å styra hjortebestanden til areal der skadar ikkje har økonomisk betyding.

Medvitet om jaktintensitetens innverknad på dyrevelferd og skadenivå gjennom integrering av forstyringsfrie soner, høgintensitetsjaktareal og intervalljaktprinsipp i den praktiske jaktplanlegginga, er likevel av stor betyding for både dyrevelferd og skadeomfang på landbruket.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunen er positive til visjonen «Robuste bestandar i ei natur i endring» og meiner at dei fem satsingsområda som er peika ut – grenselaus forvaltning, arealbrukskonfliktar, vilthelse, framtidas jaktutøving og hjortevilt som næring – gir eit godt rammeverk for arbeidet framover.

Alver kommune meiner strategien er eit godt utgangspunkt, men at fleire av tiltaka framstår generelle og lite forpliktande. Den planlagde revideringa av forskrift om forvaltning av hjortevilt blir vurdert som ein viktig føresetnad for å lukkast med fleire av satsingane i strategien, ved å forplikta myndigheiter og private aktørar på tvers av sektorar.

Vedlegg

- 1 H_c3_b8ringsbrev+-
+H_c3_b8ring+av+strategi+for+forvaltning+av+hjortevilt+(hjorteviltstrategi).pdf
- 2 H_c3_b8ringsutkast+-+strategi+for+forvaltning+av+hjortevilt.pdf

